

Miljøpartiet Dei Grøne Suldal (MDG)

Valprogram 2015-2019

Vi gir miljøverdiane ei stemme i Suldal

Grøn politikk er basert på rettferd og likskap for alle menneske, både for oss som lever i dag og for framtidige generasjonar. Målet er eit økologisk og sosialt berekraftig samfunn, slik at vi ikkje overlet urimelege utfordringar og kostnader til etterkomarane våre. Eit slikt samfunn vil krevje både nye tankar om økonomisk framgang og ny teknologi.

MDG ønskjer ein diskusjon om korleis me i fellesskap kan ta vare på vår felles arv: Natur, kultur og demokrati. Vi vil arbeide ut frå ei forståing av det er ein samanheng mellom ein ansvarleg miljøpolitikk og eit rettferdig samfunn.

Bakgrunn

Miljøpartiet Dei Grøne (MDG) har stilt til val ved alle lokal- og stortingsval i Noreg sidan 1987. Ved kommune- og fylkestingsvalet i 2011 fekk partiet inn 20 representantar i ulike kommunestyre. Det var eit gjennombrot da partiet ved Stortingsvalet i 2013 fekk inn sin første representant på Stortinget.

I Suldal blei det skipa lokallag i januar 2015. Partiet stiller til val i Suldal første gongen ved kommunevalet hausten 2015. Ved kommunevalet i 2011 sto det om lag 100 veljarar bak kvart medlem i kommunestyret. Det bør såleis vera realistisk å bli representert i kommunestyret etter valet til hausten.

Store utfordringar

Dei største utfordringane me står framom i vår tid har global karakter - og dei er samansette. Miljøspørsmål, naturvernspørsmål og spørsmål om korleis me skal forvalte ressursane våre på beste måte må setjast høgt på agendaen.

I Noreg er vi i ei nasjonal særstilling når det gjeld materiell rikdom. Likevel er det store forskjellar mellom folk, og forskjellane blir større. MDG ønskjer å trekke fram sider ved livet som gir livskvalitet utan stort materielt forbruk i tillegg til å bremse den aukande forskjellen mellom fattig og rik.

Kvifor Dei Grøne?

Lokalpolitikken til Dei Grøne skal støtte berekraftig nasjonal og global politikk. Det er viktig å ha eit medvete forhold til korleis vi forvaltar naturressursane våre både for vår eigen del og med tanke på framtidige generasjonar. Grunnlaget må vera ei forståing av det økologiske samspelet i naturen og eit berekraftig næringsliv.

Vårt mål er eit medmenneskeleg og inkluderande samfunn i økologisk balanse - eit samfunn med sosial, økologisk og økonomisk berekraft. For å bygge eit slikt samfunn treng me livskraftige lokalsamfunn, nytenking og levande bygder.

Me legg ikkje skjul på at politikk er utfordrande. Politikk handlar om å prioritere, men der andre parti konkurrerer om skattekutt og større forbruk for dei som har mykje frå før, vil Miljøpartiet Dei Grøne kjempe for å ta vare på jorda, mangfaldet og fellesskapet.

Vi vil ha eit samfunn der folk har meir tid til kvarandre heller enn å jage etter større forbruk.

Eit oppe og gjennomsiktig lokaldemokrati

I møte med krav om kommunesamanslåingar meiner Miljøpartiet Dei Grøne at det er vel så viktig å styrke samhandlinga innafor den eksisterande Suldal kommune som å arbeide for samanslåing med andre kommunar.

Dei grønne vil arbeide for betre innsikt i det politiske arbeidet i Suldal og meir opne avgjerdsprosessar.

- MDG Suldal vil arbeide for å styrke dei demokratiske prosessane og interessa for fellesskapet.
- Dei grønne er i mot at Suldal skal bli slått saman med andre kommunar. Om dette likevel skulle skje vil vi legge stor vekt på å sikre at innbyggjarane får godt innsyn i det politiske arbeidet, og at det blir lett å koma i kontakt med politikarane.
- Planar som blir lagt ut til ettersyn skal presenterast i eit kortfatta samandrag
- Heimesida til kommunen skal få ei universell utforming og leggest opp slik at det blir enkelt å finne fram til saksdokument og korrespondanse.
- For å sikre lett tilgang til informasjon for alle skal det leggest betre til rette for trådlous tilgang til internett.

Mangfald i naturen

Dei Grøne ser det som avgjerande å ta vare på naturmangfaldet, både fordi det har verdi for oss menneske og fordi naturen har eigenverdi.

- Vi vil bevare og utvikle turområde til felles glede i nærområda til folk, både i bygdene og på heia.
- Vi vil arbeide for at planlegginga i kommunen bygger på ei berekraftig utvikling.
- Det er særleg viktig at gjenverande vassdrag blir nøye vurdert før ein tillet ytterlegare kraftutbygging
- Kommunen må ha ei miljøvennleg ressursforvaltning som m.a. omfattar:
 - Gode system for innsamling, sortering og gjenbruk av avfall
 - Eit sterkt jordvern
 - Ei restriktiv haldning til utslipp til luft, vatn og jord
 - God reinsing av avlaup
 - Høge krav til kvalitet på drikkevatt og sikring av vassforsyning
 - Reduksjon av støy i bustad- og fritidsområde
 - Ei forvaltning av heieområda som sikrar eit mangfaldig dyre- og planteliv
- Suldal kommune har eit særleg ansvar for å sikre villaksen gode levekår
- Kraftkommunen Suldal bør vera ein føregangskommune i satsinga på energiøkonomisering og fornybar energi i offentlege bygg

Eit kreativt og nyskapande næringsliv

Skaparkraft og engasjement må vera drivkrafta i økonomien. Småbedrifter, entreprenørar og private initiativ er sentrale i vår næringspolitikken til MDG.

Vi meiner Suldal må vera meir sjølvforsynt med dei matvarene vi har best føresetnadar for å produsere og ønskjer ei omlegging til eit meir berekraftig landbruk.

- Kommunen må legge til rette for grøn næring ved å:
 - Auke og styrke den lokale matproduksjonen
 - Arbeide for å auke omlegginga til økologisk landbruk
 - Støtte produksjon og distribusjon av lokal og kortreist mat
 - Utarbeide ein aksjonsplan for jordbruket som bygger på desse føresetnadane
- Lokal kultur, eigarskap og identitet må vera sterkt og synleg til stades i reiselivsverksemdar og -produkt
- Vi vil sikre at lokalt entreprenørskap får gode rammevilkår, og vil stimulere og støtte miljøvennlege bedrifter.
- Det hastar med å setta i verk tiltak på Sand for å sikre ei god sentrumsutvikling etter at ferjesambandet Sand-Ropeid blir lagt ned
- Kommunen må arbeide for at meir av tenesteproduksjonen blir miljøsertifisert. Vi meiner det vil vera eit godt pedagogisk grep å starte med barnhagen og skulen.

Klimasmart samferdsel

Miljøpartiet Dei Grøne ønskjer å revolusjonere norsk samferdsel og gjere det enkelt og billig å velja dei mest miljøvennlege transportmidlane.

- Vi vil arbeide for å oppretthalde kollektivtilbodet etter at Sandsfjord bru blir opna.
- Forholda må leggast betre til rette for syklistar
- Suldal kommune må vera i framkant med tilrettelegging for bruk av alternative energikjelder i transportsektoren
- Det må greiast ut korleis ein kan få til meir samkøyring i kommunen
- Vi støttar arbeidet med å greie ut høgfartsbane over Haukeli

Mangfald i kulturlivet

Suldal har gode føresetnadar for å utvikle eit fargerikt samfunn. Kulturlivet er ein viktig arena for å få dette til.

Alle bør ha tilgang til et breitt kulturtilbod. Vi meiner det offentlige må legge til rette for eit mangfaldig kulturliv gjennom gode støtteordningar.

- MDG vil arbeide aktivt for å støtte gode møteplassar og utvikle nye.
- I Suldal er det frivillige lagslivet ein berebjelke i kulturlivet. Kommunen må tilby hjelp og praktisk støtte som gjer kvardagen i lagsarbeidet lettare.
- Det er ei viktig oppgåve for kommunen å koordinere dei ulike aktivitetane og stimulere samarbeid
- Miljøpartiet Dei Grøne støttar vidareføring av distriktsmusikarordninga.
- Suldal har ei særleg rolle som forvaltar at viktige kulturverdiar. Miljøpartiet Dei Grøne vil styrke kulturminnevernet.

Ein god kommune å bu i

Suldal kommune skal vera ein god kommune å bu i både for barn, vaksne og gamle.

- Vi meiner kommunen må arbeide for lokale helsetenester og er kritiske til å flytte legevakta til Ølen.
- Barnevernet må styrkast, om nødvendig i samarbeid med andre kommunar, slik at barn, unge og foreldre får kvalifisert hjelp ut frå sine egne føresetnadar.
- Det skal vera tilstrekkeleg med barnehageplassar i alle delar av kommunen. Tilbodet i barnehagane skal tilfredsstillе høge krav til kvalitet.
- Barne- og ungdomsskulane skal gi elevane tilfredsstillande pedagogiske og sosiale tilbod nærast muleg heimen.
- Det skal leggast stor vekt på å gi flyktningar og andre innvandrarakar god hjelp til integrering i lokalsamfunnet. Miljøpartiet Dei Grøne vil skape gode rammevilkår for integreringsarbeidet i kommunen.
- Innbygarane i Suldal skal vera trygge på at dei vil få rask og kvalifisert hjelp når dei har behov for helse- og omsorgstenester.
- Kommunen skal legge til rette for at flest muleg kan bu heime så lenge som råd.
- Når folk må flytte til omsorgsbustad eller sjukeheim skal det leggast til rette for at dei kan leva eit fullverdig liv sosialt og kulturelt så langt det er råd.